



Klar tale til alle flyktningar:

KALDT, MEN FINT: Det er vanskeleg å ikkje tenkje på «Sommerfuggel i vinterland» når ein ser Ibrahim Mayel leika seg i snøen utanfor Fjord'n senter. Tilfeldigvis passerer sjølvaste Mikal Leigland (kommunestyre-representant for Sp) i bakgrunnen.

Dei siste fem åra har Fusa kommune teke imot 71 flyktningar. No fortel fem av dei om sin veg inn i lokal-samfunnet.

Lærarane gret

då Kolsom (39) lærte å



– Lær norsk, ver sosial og gi aldri opp!

Kanskje har ingen sagt det betre enn hotellkongen Petter Stordalen: «Kom ikke til meg og si at en flyktning ikke kan bli en ressurs. Et menneske på flukt har kjempet mer enn noen. Overvunnet hindre vi knapt kan forestille oss. Trosset fordommer. Gått bratte motbakker.»

Dette perspektivet motiverte Stordalen til å tilsetja flyktningar i hotellkjeda

Choice.

I Fusa finst det ingen Choice-hotell, men om du stikk nasen innom Fusa Mek, Medio eller Hålandsdalen leirskole, møter du Yousef, Ibrahim og Samir.

Kolsom og Razan sit førebels langt nede i kvar si pensumbok.

Stolte av flyktningane våre

– Vi er veldig tydelege på kva som må til

for å bli ein del av det norske samfunnet.

Difor er vi også veldig stolte av kva flyktningane våre har fått til. seier flyktningkonsulent i Fusa kommune, Mine Kartal.

Staben ved Fusa Vaksenopplæring uttrykkjer den same krye kjensla over elevane sine.

– Vi ser fleire knekka lesekode, læra

seg norsk og visa vilje til å få seg arbeid. Nokre bedrifter er kanskje redde for å gje dei ein sjanse, men det treng dei ikkje vera, seier inspektør Julia Tveit.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**
anne-marie@osogfusa.no

lesa



HISTORISK: Det er berre eitt år sidan Kolsom ikkje kunne skriva namnet sitt. Morsmålsassistent og oversetjar Parwin Madi (t.v.) hjelper henne med språket.

FLITTIG: Kolsom fekk aldri gå på skule då ho var lita. 39 år gamal er ho meir enn klar til å ta igjen det tapte. (Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes)

– Det er fantastisk å gå i butikken og skjøna alt, seier Kolsom Mohammadpanahi.

► LAMBANESET

Det snør tett ved Bolaks-bygget, eit par kilometer frå Eikelandssosen i retning Fusa.

Her, i det som ein gong var vidaregåande skule, held Fusa vaksenopplæring til.

I eit bittelite klasserom i tredje etasje, sit fire damer og øver på lyden «y».

– Høyrer de «y» eller «i» når eg seier «Lise», spør lærar Agnete Digranes Aarvik.

– Kva med «lyn», «fly» og «sy»? Damene strevar med å høyra forskjell.

Kolsom Mohammadpanahi formår munnen til ein «y» og rettar på brillene.

Ho kviskrar noko til nabokvinna.

Kurdiske Parwin Madi som kom til Fusa i 2015, snakkar godt norsk og tek oppdrag som oversetjar og morsmålsassistent ved vaksenopplæringa.

Ho hjelper Kolsom med å forstå kva Agnete seier.

– Agnete er snill og flink til å snakka slik at vi skjønar det. Det er veldig trygt å ha henne som lærar, seier Kolsom.

Lærehungeren hennar har eksplodert etter at ho knekte lesekode i fjor haust.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.

– Eg vart veldig glad då eg skjønte bokstavane. Eg vart så glad at eg kunne gråta. No kan eg gå i butikken og skjøna alt eg ser i hyllene.



NORSK ER NØKKELEN: Inspektør Julia Tveit, som opphavleg er frå Ukraina, veit kor viktig norsk er for å få seg jobb og bli ein del av samfunnet.

att» til Noreg og Eikelandssosen.

– Det har blitt mitt land no, smiler ho.

Trudde toget var gått

Som kurdisk jente i Iran, var skule noko Kolsom berre drøymde om.

Då ho i vaksen alder flytta til irakisk Kurdistan, fekk borna hennar gå på skule der.

For eigen del tenkte ho at toget gått.

Men kvar gong ho støtte på skjema og papir som skulle signerast, var det ei sår påminning om at ho ikkje ein gong kunne skriva namnet sitt.

Så, i 2015 flykta ho til Noreg saman med ektemannen og etter kvart fire born. Heimlandet var ikkje lenger ein trygg plass for hennar politiske ektemann.

I haust begynte ho på norsk kurs ved Fusa vaksenopplæring.

Sterkt for lærarane

Verken lærar Agnete Digranes Aarvik eller inspektør Julia Tveit gløymer den dagen Kolsom oppdaga at ho greidde å dra saman bokstavane til ord.

– Agnete kom inn på pauserommet og fortalde det. Ho var både rørt og stolt. Vi

skjøna ikkje med ein gong kor stort dette var, for ho var så roleg, ler Julia.

– Det finst knapt noko større for ein lærar enn å få vera med på noko slikt. Å sjå eit godt vaksent menneske som endeleg kan skriva namnet sitt og lesa det. Det er utruleg stort, smiler Agnete.

– Du veit, dei er akkurat like flinke og intelligente som oss, men har ikkje hatt moglegheit til å gå på skule og ta høgare utdanning, seier Julia.

Agnete nikkar ivrig.
– Vi håpar fleire bedrifter i Fusa vågar å satsa på dei. Det er snakk om flinke og kjekke folk, dette her.

Gledeshyl og applaus

Fusa vaksenopplæring underviser i norsk på tre ulike nivå.

Nokre, som Kolsom, er analfabetar når dei begynner. Andre har høgare utdanning i bagasjen.

Men ingen av dei kjem nokon veg utan å læra seg norsk.

Os & Fusapostens besøk fell tilfeldigvis saman med at ein del elevar får vita resultat av ei svært viktig norskprøve.

Høglytte gledeshyl og hyperventilering vert avbrote av applaus og nye jubelrop.

– Det betyr så mykje for dei, dette. Resultata av prøvene er viktig for både vidare skulegang og jobbsøking, forklarar Agnete og Julia.

Ambisjonar

For Kolsom er målet å fullføra grunnskulen og endeleg få papir på at ho kan noko.

Ho vil også gjerne få seg ein jobb ein plass ho kan snakka masse norsk og læra mest mogleg.

Vi spør om Parwin Madi, som jobbar som oversetjar og har lært seg godt norsk, er eit førebilete for henne?

– Eg skal bli flinkare enn henne til å snakka norsk, ler ho og dultar Parwin i sida.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**

Flyktningar



Med ein gong **YOUSEF** kom som flyktning til Fusa, starta han jakta på arbeid

Tømrarjobben i Strandvik får Yousef Shamo til å kjenna seg verdifull.

Det einaste som er dumt er at mange av kollegaene mine ikkje er norske. Eg treng å bli flinkare til å snakka norsk, seier han.

– Men du har kanskje lært litt polsk?
– Hehe, nei, ler han.

32 år gamle Yousef Shamo er kurdisk syrar og kom til Fusa i 2017 etter to år i Noreg.

Tøft å ikkje ha jobb

For Yousef var det tøft å ikkje ha ein jobb. I heimlandet hadde han jobba som gipsmakar, eller stukkator, i heile 14 år.
– Eg måtte skaffa meg noko å gjera. Heime i Syria var eg van til å jobba lange dagar. Eg må vera i aktivitet, seier han.

På språkkafè i Fusa lærte Yousef korleis han skulle søkja jobb.

Utan å spørja nokon, sette han i gang med å skriva og senda søknader.

– Vi visste ingenting før han stod med ein arbeidskontrakt i neven og bad om hjelp til å lesa gjennom den, fortel Mine Kartal, flyktningkonsulent i Fusa kommune.

Ho er tydeleg stolt over Yousefs pågangsmot og initiativ.

– Eg vart teken veldig godt imot her i Fusa. Dei gjorde meg trygg, seier han vendt mot Mine.

Jobba i bar overkropp

Sjølv om Yousef mangla skriftleg dokumentasjon på si yrkeserfaring, kunne han visa fram bilete av arbeid han hadde utført.

Det var nok til at Byggmester Vest tok sjansen.

I dag har han fast jobb hos vikarbyrået Medio i Strandvik og er for tida utleigd til Leigland Bygg.

Medan Yousef kler seg i ull og termadress til ein arbeidsdag i Noreg, var arbeidsantrekket i Syria som regel bar



**STÅ-
PÅ-
VIL-
JE:** Utan noko form for hjelp, byrja Yousef å skriva søknader og leita etter jobb. Det har imponert flyktningetenesta i Fusa kommune.

GIPS: Heime i Syria jobba Yousef som gipsmakar eller stukkator. Han viser gjerne fram nokre av arbeida sine. (Foto: Privat)



GODT KLEDD: Heime i Syria kunne Yousef Shamo som oftast jobba i bar overkropp. Det blir for kaldt på oppdrag for Leigland Bygg i Strandvik. (Foto: Privat)

overkropp.

– Ja, det er kaldare her, men eg frys ikkje. Det er berre å kle seg skikkeleg, så går det fint, ler han.

Yousef stortrivst på jobb.

– Det gjer at eg føler meg verdifull.

Råd til nye flyktningar

Medan Yousef byggjer hus, går kona på helse- og oppvekstlinja på Fusa vidaregåande skule. På sikt håpar han at dei kan kjøpa seg hus og få born.

– Det får vera opp til henne kor vi skal bu. Ho har lyst til å ta meir utdanning og då må vi kanskje flytta, seier han.

– Kva råd vil du gje til andre flyktningar som er nye her?

– To ting. Lær deg norsk og ikkje isoler deg heime. Det er lett for å ikkje gjera noko anna enn å gå på skule og deretter bli sitjande heime. Men det er så viktig å skaffa seg eit nettverk og bli kjend med folk, seier han.

For Yousefs del har han hatt stor glede av be-

søksvenen han vart kjend med gjennom Fusa frivilligsentral.

– Vi snakka norsk og kosa oss ilag. Men eg fekk også hjelp til ting eg lurte på.

Uvant å helsa på damer

Yousef legg ikkje skjul på at mange ting i det norske samfunnet var uvant i byrjinga.

Til dømes å handhelsa på kvinner.

– Det var ikkje noko eg var van med, No er det ikkje lenger noko eg tenkjer over. Det er viktig å visa respekt for norske verdiar og reglar.

– Er det vanskeleg å tilpassa seg?

Han tenkjer litt.

– Nei, ikkje vanskeleg. Det er berre annleis.

► **Anne Marie Aarøen Vangsnes**

anne-marie@osogfusa.no

Flyktningar



OSTEGLADE: Razan (t.v.) og Samir har funne fram til norske godsaker i hylla på Spar, ein av plassane Samir syter for at er reint og fint. (Foto: Anne Marie Aarøen Vangsnes)

Medan kona Razan (35) tek utdanning, jobbar Samir (43) som reinhaldar

Det syriske ekteparet gjer fordommar om kjønnsroller til skamme.

Med ein gong eg kom til Fusa gav eg beskjed om at eg ville jobba. Om så gratis.

Samir turnerer over heile kommunen som reinhaldar. Han er vikar ved både Hålandsdalen leirskole, Jettegryto barnehage og Spar. Samtidig.

Han har eit håp om å få fast jobb på ein plass etter kvart.

Razan studerer engelsk og norsk ved Bergen Katedralskole. Ho er utdanna lærar frå heimlandet og vil gjerne jobba som lærar i Noreg ein dag.

Samir Sumak dreiv klesbutikk

i heimbyen Damaskus. Med lys hud og ein raudblond manke, ser han ut som ein typisk norsk 43-åring.

Han fortel at han tilhøyrer Syrias om lag fem prosent «kvite».

– Men eg er arabisk, altså, ler han.

Saman med kona Razan og fire gutar har han funne seg godt til rette i Eikelandsosen. Dei bur, rett nok litt trangt, i eit blokkhusvære på Torsneset.

– Med ein gong eg kom hit ville eg ikkje bli buande her. Men no vil eg det, smiler han.

Fusingane er hjelpsomme

Familien opplever at dei har blitt tekne godt imot i Fusa.

– Fusingane er hjelpsomme. Det er ingen som ler, sjølv om eg seier noko feil. Men eg er ikkje flau heller. Det viktigaste er å bli forstått, ikkje å snakka perfekt, ler han sjølvironisk.

Han legg ikkje skjul på at kona har lært seg meir norsk enn han, og ho hjelper han med å oversetja.

– Alle damer er flinkare til å studera. Men menn er betre på arbeid, blunkar han og fleksar bicepsen.

Razan løfter skeptisk på augebryna.

– Puh, no tullar du, ler ho. Dei ler i heile teke mykje. Han seier noko morosamt for å erta henne. Ho ler og slenger ein kommentar tilbake.

Vil opna restaurant

Det harmoniske ekteparet har ein draum om å opna eigen restaurant ein dag.

Det vil seia, det er Samirs draum. Han elsker å laga mat og er ein habil hobbykokk. Han lagar ofte mat på språkkafeen i Eikelandsosen og rekorden er middag for 170 personar. Rett

nok i Kristiansand der han budde tidlegare.

– Har de begynt med norsk nistepakke?

– Vi har brødskive med kvitost og litt frukt i ein matboks. Og ja, det hender vi har grandiosa til middag, ler dei.

Norsk er nøkkelen

– Kva råd vil de gje til nyankomne flyktningar?

– Språk er nøkkelen, seier Razan.

– Bruk tid og lær deg norsk. Det opnar for jobb, studier og kommunikasjon med folk.

Samir nikkar og legg til:

– Ver ærleg og vis respekt. Ver med og bidra til det norske samfunnet og gi noko tilbake, seier han.

Anne Marie Aarøen Vangsnes

anne-marie@osogfusa.no



LEIKAR: Ibrahim Mayal har blitt van med det norske klimaet, men slit framleis litt med snøball-teknikken. (Foto: Anne Marie Aarøen Vangnes)

Ibrahim (27) hadde knapt gått på skule før han kom til Fusa: – Framtida mi har kome tilbake

Ibrahim Mayel (27) har fått fast jobb på Fusa Mek og snakkar flytande fusing. – Greitt da, ler han.

Ibrahim Mayel ler. Han prøver å laga nysnøen utanfor Fjord'n Senter om til snøballar. Men når han kastar, er det berre lause snøfiller og ikkje nokon tettpakka ball.

– Eg har faktisk aldri laga snøballar før. Korleis gjer eg det, ler han.

Nordmenn er tolmodige

Den turkmeniske 27-åringen frå Syria kom til Fusa i oktober 2015. Då hadde han vore i Noreg i over eitt år.

– Språket var vanskeleg i byrjinga. Eg visste ikkje om eg måtte venta med å snakka eller om eg kunne kasta meg ut i det. Men nordmenn er veldig tolmodige og greie når eg spør opp igjen om noko. Og det har eg gjort ofte, smiler han.

Ibrahim voks opp på eit syrisk småbruk. I tillegg til å dyrka frukt og grønnsaker, hadde dei høns, kyr og sauer.

Fordi det var bruk for han heime på garden, fekk han berre gått nokre få år på skule.

Då han flykta i 2014, var det med svært begrensa lese- og skriveferdigheiter.

På introduksjonskurs i Fusa og på Os vaksenopplæring begynte kampen for å ta igjen det tapte.

Hadde lite skulegang

– Eg trudde aldri eg ville greia å lesa. Det fyrste året lurte eg på om eg hadde dysleksi, ler han.

Men Ibrahim lærte seg norsk i rekordfart. I dag snakkar han dialekt som ein innfødd fusing.

– Fusa-dialekta kom automatisk. Eg plukkar fort opp det eg høyrer rundt meg og har lært av å snakka med gode, norske vener.

– Veit familien om ditt fantastisk språkøyre og alt du har fått til her i Noreg?

– Ja, dei bur i Tyrkia og vi har jamnleg kontakt. Dei er veldig imponerte over meg, seier han stolt.

Det er lenge sidan Ibrahim begynte å drøyma på norsk. Og sjølv sagt snakkar han norsk med læraren sin. Bortsett frå dei gongene dei slår over på engelsk.

Fekk råd frå Mette

I løpet av våren håpar han å ta grunnskule-eksamen og deretter

jobba mot fagbrev som CNC-operator gjennom jobben ved Fusa Mekaniske Industri AS (Fusa Mek) på Helland.

Sommaren 2017 var verksemda på jakt etter sommarhjelp, og Ibrahim takka ja. Då hausten kom fekk han tilbod om å halda fram.

– Det var vanskeleg å ta det valet, for eg ville så gjerne gå vidare på skule. Eg hadde fått ein del hjelp frå Mette Holmefjord Olsen og spurte henne om råd. Litt overraskande såg ho berre det positive: «Ibrahim, du kan gjera begge delar. Dette greier du. Så fint at du vart spurt.»

Takkar sjefen på Fusa Mek

Etter å ha snakka med dagleg leiar Joel Groth på Fusa Mek og leiinga på Os VO, fekk han tomme opp frå begge. Ved hjelp av privatundervisning etter arbeidstid skal han fullføra tiande klasse.

– Eg må få skyta av dei som har lagt til rette for meg. Ja, det er travelt og eg er litt skulelei, men det skal gå bra, ler han.

Fagbrev-teorien håpar han å ta ved Fusa vidaregåande skule.

– Eg føler at framtida mi har komt tilbake, smiler han.

– Eg gler meg til å koma på jobb kvar einaste dag. Eg vil gjerne få takka alle kollegaene mine, smiler

han.

Brunost på nista

– Det skal vera så norsk å ha med seg niste, kva et du til lunsj?

– Eg har seks skiver i ein stor matboks. Eh...du kjem kanskje til å le, men eg har som oftast brunost på skiva. Nokre gonger kvitost med syltetøy. Og så drikk eg te til, smiler han.

Ikkje gi deg!

– Kva råd vil du gje til nye flyktningar?

– Lær deg norsk. Det er verken vanskeleg eller lett, men det er utruleg viktig.

– Ikkje gi deg. Stå på og gå vidare. Ja, vêret er kaldt og det er mykje regn, men du blir vant til det.

Ibrahim ynskjer å nemna to personar spesielt.

– Mette har hjelpt meg mykje, ikkje minst med språk- og samfunnsfag.

– Og så vil eg takka Ole Bjørn Eikeland. Vi har arbeidd med matematikk og naturfag, gått turar og snakka. Eg har lært mykje praktisk ved å vera ilag med han.

► **Anne Marie Aarøen Vangnes**
anne-marie@osogfusa.no